Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Julenissen

Oppskr. av: Olav Bakken

(adresse): Langlim Flatdal

Fylke: Telemark

Herad: Seljord

Bygdelag: Langlim

Gard: Bakken

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen

er av ny dato her i grendi.
Fyrste gong nytta i skulen på jole-
trefest i 1935.
I heimane kom han også i bruk
på same tid så av og til.
Elles vart nissen kjend gjennom
bilæte i jolehefte og på jolekort.
Fyrste gong jolekort vart nytta
var i 1910 – då bror min skreiv
etter nokre til M. M. Lohne Kr.sand.
Dei kom på 3 øre stykket (kolorerte)

2. Jolenissen i heimane kjem med
pakkar til alle i huset.
Skule-nissen delar ut „godtri" eple,
appelsiner, sjokolade etc.

3. Helst ein liten kar vert vald
til jolenisse.

4. Utstyret er: maske med skjegg,
raud toppluve, frakk og stor kjepp.

5. Gjerne kjøpemaske, men og heime-
laga av kvitt tøy med måling.
Skinnmaske av hjaseskinn vart nytta.

5468

6. Same maske vert nytta av jolebukkane.

7. Jolebukkar trur eg aldri har dela ut gåver. I vinter var 4 jolebukkar ute og gekk i grendi her. Dei får gjerne litt „traktement" i gardane. (öl og kake, söteple etc.)

8. Ungane trur eg sett den nye nissen i samband med den gamle. – endå trui på nissen er mindre kjend her frå gamalt. Det var tussane som herja her i gardane.

9. Folk över ungane sine med gåver som kjem „dettande" ned om natti og m. sl. – gjerne som lön for dei har vore snåle og snilde.

5468

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING